# Referat

**Møte/utvalg:** Strategisk samarbeidsutvalg
**Møteleiar:** Mona Ryste
**Referent:** Bodil Haugen Våge
**Møtenummer:** 3/2022
**Dato:** 27.4.22
**Tid:** 09.00 – 13.00
**Stad:** Teams

*Varamedlemar møter berre ved særskilt innkalling.*

| Namn | Tittel | Møtt |
|---|---|---|
| **LSU Volda** | | |
| Kristin Vik | **Leiar LSU Volda**<br>Seksjonsleiar Ørsta kommune | ja |
| Mona Ryste<br>*Leiar Strategisk samarbeidsutval* | **Nestleiar LSU Volda**<br>Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus | ja |
| **LSU Ålesund** | | |
| Synnøve Vasstrand Synnes | Leiar LSU Ålesund<br>Kommunalsjef Ålesund kommune | ja |
| Siri Talseth-Frilund, | Nestleiar LSU Ålesund<br>Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus | Avbod |
| **LSU Molde** | | |
| Tanja Thalen<br>*Nestleiar Strategisk samarbeidsutval* | Leiar LSU Molde<br>Kommunalsjef Molde kommune | ja |
| Trude Solenes | Nestleiar LSU Molde<br>Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus | Avbod |
| **LSU Kristiansund** | | |
| Ingeborg Johnsrud Dyrnes | Leiar LSU Kristiansund<br>Kommunalsjef helse, Smøla kommune | Delvis |
| Kjell Åsmund Bryn | Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikk SNR | ja |
| Brukerrepresentant kommune | | |
| Helge Hansen | PROFO (Prostatakreftforeningen) | ja |
| Brukerrepresentant helseforetak | | |
| Paula Næss Skår | Leiar Brukerutvalget HMR | ja |
| Fastlege/PK | | |
| Stian Endresen | Fastlege Ulstein kommune<br>Leiar praksiskonsulentordninga HMR | ja |

# Referat

| | | |
|---|---|---|
| Fast vara fastlegar/PK | | |
| Thilde Svela | Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent | ja |
| Observatør Statsforvaltaren | | |
| Grethe Teigland | Direktør Helse- og sosialavdelinga | ja |
| Felles samarbeidssektretariat | | |
| Eli Otterlei | Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssekretariat | ja |
| Alf Reistad | Romsdal Regionråd dagleg leiar (ROR), nestleiar Felles samarbeidssekretariat | ja |
| Bjørn Buan | Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune | ja |
| Bodil Haugen Våge | Nordre Sunnmøre<br>Rådgivar Ålesund kommune, felles samhandlingsressurs Nordre Sunnmøre | ja |
| Oddvar Marøy | Søre Sunnmøre, stabsleiar tildeling og koordinering Ørsta kommune, førebels felles samhandlingsressurs Søre Sunnmøre | ja |
| Stian Endresen | Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune | ja |

Referat

| Sak nr. | Sak | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 16/22 | Velkomen<br>Godkjenning av innkallinga<br>**Referat:**<br>Sak 23/22 vert flytta til før sak 21/22.<br>Under Eventuelt: Tanja Alme har meldt sak knytt til pakkeforløp heim Kreft. | Mona Ryste |
| 17/22 | Godkjenning av referat fra forrige møte<br>Sjå referatet HER<br>**Referat:**<br>Godkjent. | Mona Ryste |
| 18/22 | KAD 10 år<br>**Referat:**<br>Orienteringssak:<br>Det er 10 års jubileum ift KAD plassane i Møre og Romsdal.<br>Tre dimensjonar for oppfølging:<br>- Økonomisk medfinansiering.<br>- Utskrivingsklare pasientar – betaling frå dag 1.<br>- Etablering av ØHD plassar.<br>Det er endringar i premissane for KAD frå 2022.<br>2 alternativ: | Stian Endresen |

## Referat

| | | |
|---|---|---|
| | 1. Interkommunale plassar.<br>2. Korttidsplassar i sjukeheim.<br>Potensiale framover:<br>Psykiatri – KAD Ålesund har eit tilbud ilag med akutt heimebehandlingsteam i HMR HF?<br>Protese på dagen – ut same dag?<br>Palliative sengar?<br>Personar under 18 år?<br><br>Tilbakemeldingar i møtet:<br>- Viktig å følge opp spørsmål over tid.<br>- Kva er faktisk økonomien over tid?<br>- Øverføring av oppgåver frå helseføretaket - bør evaluerast ift kvalitet og kostnad.<br>- Bør det gjerast ei PasOpp undersøking?<br>Der finst 4 ulike retningslinjer for bruk av KAD i fylket. Bør ein sjå på om ein bør arrangere erfaringskonferanse knytt til temaet i fylket?<br>**Vedtak:**<br>SSU meinar det vert særs viktig å sikre utnyttingsgraden for sengane på KAD plassane vidare, samt evaluere tiltaket og lære av kvarandre. Temaet bør følgast opp i alle LSUane lokalt. | |
| 19/22 | Handlingsplan Rehabilitering<br>**Referat:**<br>Gjennomgang av handlingsplanen.<br>Mange gode tilbakemeldingar frå SSU.<br>**Vedtak:**<br>1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen faglege samarbeidsutvalet for rehabilitering og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala.<br>2. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for rehabilitering slik den er framlagt.<br>3. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 27.04.22 blir vurdert innarbeidd i handlingsplanen eller ved rullering/ revisjon.<br>4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen. | Anne Hollingen<br>Karin Iversen |
| 20/22 | Handlingsplan Helseberedskap<br>**Referat:**<br>Gjennomgang av handlingsplanen.<br>Utvalet får gode tilbakemeldingar på planen. | Hans Olav Ose<br>Harald Digernes |

## Referat

| | | |
|---|---|---|
| | På spørsmål blir det forklart korleis arbeidsfordelinga er rigga knytt til landbasert versus havbasert beredskap, i tillegg til redningsoperasjonar.<br>På nokre spørsmål knytt til den reelle faren for krig vi har akkurat no og dette med miljø og naturpåverknad vert det svart at det er gjennomført øvingar på nasjonalt nivå i vinter. Vi er meir sårbare no for åttak på IKT enn før, men pr no vert ikkje dette ikkje vurdert som ein reell fare. Både kommunar og helseføretak er ein del av forsvarsberedskapen knytt til behandling av pasientar. Det finst gode samarbeidsarenaer for beredskap både nasjonalt og i fylket i regi av Statsforvaltaren.<br><br>**Vedtak:**<br>1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned i arbeidet med handlingsplanen for helseberedskap både av det faglege samarbeidsutvalet og gjennom innspel frå dei lokale samarbeidsutvala.<br>2. Strategisk samarbeidsutal godkjenner handlingsplan for helseberedskap slik den er framlagt.<br>3. Strategisk samarbeidsutval ber om innspela som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 27.04.22 blir vurdert innarbeida i handlingsplanen eller ved rullering/revisjon.<br>4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen. | |
| 21/22 | Retningslinje følgeperson ved innleggelse i sykehus<br>**Referat:**<br>**Vedtak:**<br>SSU er orientert om det har kome til moment i saka som er relevante å få utgreia før endeleg behandling SSU ber difor om at saka vert sendt tilbake til arbeidsgruppa for å få utgreia nærare desse tilhøva:<br>- Konsekvensar ordninga har for evt økonomi og det fagleg tilbodet i sjukehus og korleis bruk av følgjepersonell påverkar drifta av tenestene i kommunane.<br>- Avklaring av ansvar og oppgåvedeling så langt dette er fastsett i lov, forskrift og sentrale styringsdokument/retningsliner.<br>- Framlegg av retningsliner til SSU tentativt 14/9-2022 | Oddvar Marøy |
| 22/22 | Retningslinje langtidsmekanisk ventilasjon (LTMV)<br>**Referat:**<br>Fredrik Rolf Grüner presenterer retningslinja. Den er ny i vårt område. | Tanja Alme |

## Referat

| | | |
|---|---|---|
| | Det vert henvist til Veileder IS-1870 ift utvikling av retningslinjer i Helsefellesskap også ift denne retningslinja..<br>Det vert slit spørsmål om korleis ein skal forstå dette ift allereide eksisterande tiltak ift LTMV i kommunane då dette er svært krevjande tiltak i kommunane.<br>Vedtaket frå LSU Ålesund 04.03.22 vart formidla til SSU:<br>*I forhold til tidsaspektet når det overføring til kommunalt omsorgsnivå må dette med forventning når det gjeld tidsaspektet mjukast opp. Det kan ikkje vere eit krav at dette skal på plass i kommunen innan 6 mnd når det gjeld LTMV. Ein stiller også difor spørsmål om desse i det heile teke skal omfattast av definisjonen utskrivingsklar pasient.*<br><br>Punkt 2 i retningslinja vart presisert: *Kommunalt vedtak med framdriftsplan og endelig dato for utskrivningsklar pasient sendes aktuell sykehusavdeling så snart dette er klart.*<br>**Vedtak:**<br>Strategisk samarbeidsutval godkjenner retningslinjer og standardavtaler for pasienter med LTMV (langtids mekanisk ventilasjon) i forbindelse med utskriving fra Helse Møre og Romsdal til kommunene. | |
| 23/22 | Forslag Årsrapport 2021 Helsefellesskap Møre og Romsdal<br>**Referat:**<br>Leiar for SSU takkar for årsrapporten.<br>**Vedtak:** Årsrapporten er godkjend. | Mona Ryste |
| 24/22 | **Eventuelt**<br>Sak: Tanja Alme har meldt sak knytt til pakkeforløp heim Kreft.<br>Orientering ved Tanja Alme: Arbeidet skal implementerast i alle kommunar og i alle avdelingar i helseføretaket. Ein treng å utarbeide ei felles prosedyre for dette når det gjeld for eksempel informasjon og elektronisk meiningsutveksling.<br>Tanja føreslår å etablere ei ad hoc ressursgruppe med eit mandat på tvers av etablerte utval som får eit mandat i forhold til implementering.<br>Ei evt ad hoc gruppe bør arbeide innan ei gitt tidsperiode og med eit avgrensa mandat.<br>**Vedtak:**<br>Samarbeidssekretariatet får ilag med Tanja Alme i oppdrag å utarbeide eit mandat for implementering av Pakkeforløp heim kreft og etablere ei ad hoc arbeidsgruppe innan 20. Mai med tidsramme innan 2022 for rapportering tilbake til SSU. | Mona Ryste<br>Tanja Alme |